



## Kontrakt for oppdrag

Denne kontrakten er inngått mellom Radøy kommune (arrangør) med organisasjonsnr. 954 748 634 og firmaet Absence AS (utøvar) med organisasjonsnr. 812 491 792.

### Kontrakten gjeld

Kontrakten gjeld to framsyningars av forestillinga Askeladden i Radøyhallen 27. april 2018. Publikum på forestillinga er grunnskulane i kommunen. I tillegg er det avtalt at nokre brukarar av omsorgstenester i Radøy kommune kan vera tilstades på den eine forestillinga.

### Spelestad og tidspunkt

Forestillingane skal haldast i Radøyhallen på Manger kl. 11.00 og kl. 12.30. Dørene vert opna 10.45.

Lokalet er tilgjengeleg for utøvar frå kl. 07.30 på arrangementsdagen. Tidspunkt for ankomst må avtalast nærmare.

### Fysisk tilrettelegging av formidlingslokale

Det vert lagt opp til at forestillinga går føre seg på golvet, medan publikum sit på stolar, i amfi og på tribune. Lokalet er klart når utøvar kjem.

Det vert stilt to garderober til disposisjon for utøvar.

Utøvar stiller med naudsynt teknisk utstyr i form av lys og lyd.

### Honorar

Det er avtalt eit honorar for utøvar på kr 5848,50 per person (5 dansarar og 1 teknikar). I tillegg kjem kr 4000 i leige for teknisk utstyr, og kilometergodtgjersle etter staten sine satsar. Flybillett for éin person Bergen-Oslo vert også dekka av Radøy kommune. Utøvar bestiller flybillett sjølv så snart som råd for å få rimelege billettar.

Utbetaling skjer etter arrangementet er gjennomført, og når Radøy kommune har motteke faktura og dokumentasjon på utgifter til flybillett.

### Forsikring

Radøy kommune teiknar ikkje personforsikring eller forsikring for utstyr og instrument som utøvar brukar under oppdraget.

### Marknadsføring

Utøvar sender materiell til Radøy kommune som kan nyttast til marknadsføring innan to veker etter at kontrakten er skriven.

### Lydopptak og fotografering

Arrangøren har rett til å ta bilete under arrangementet som kan nyttast i marknadsføring.

Arrangøren kan gjera lyd- og videopptak på inntil 2 minutt av arrangementet som kan nyttast i marknadsføring.

### **Avlysing**

Både Radøy kommune og utøvar pliktar å gjera det som er mogleg for at eit oppdrag skal kunna gjennomførast. Utøvar skal gje beskjed så snart som råd dersom forestillinga ikkje kan gjennomførast som planlagt. Utøvar har ikkje krav på honorar ved avlysing som skuldast sjukdom eller andre uforutsette tilhøve frå utøvar si side. Dersom arrangøren avlyser arrangementet utan at det ligg føre rettmessige årsaker til det, skal honorar til utøvar betalast.

Kontrakten er skriven i to eksemplar. Utøvar sender eitt eksemplar i retur til Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 Manger eller på e-post til [postmottak@radoy.kommune.no](mailto:postmottak@radoy.kommune.no)

Stad/dato

For Radøy kommune (arrangør)

Bente Kopperdal Hervik

For Absence AS (utøvar)